

Notat 2003–2

*Økonomien i jordbruket på Vestlandet*

**Økonomien i sauehaldet på Vestlandet  
Utviklingstrekk 1992–2001  
Tabellsamling 1997–2001**

---

<b>Tittel</b>	Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Økonomien i sauehaldet på Vestlandet. Utviklingstrekk 1992–2001. Tabellsamling 1997–2001
<b>Utgiver</b>	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
<b>Utgiversted</b>	Oslo
<b>Utgivelsesår</b>	2003
<b>Antall sider</b>	73
<b>ISBN</b>	82-7077-502-9
<b>ISSN</b>	0805-9691

---

## Litt om NILF

- Forskning og utredning angående landbrukspolitikk, matvaresektor og -marked, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innen landbruket; dette omfatter bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjett-nemnda for jordbruket og de årlige driftsgranskingene i jord- og skogbruk.
- Gir ut rapporter fra forskning og utredning. Utvikler hjelpemidler for driftsplanlegging og regnskapsføring.
- Finansieres over Landbruksdepartementets budsjett, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentlig og privat sektor.
- Hovedkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

# Forord

---

«Driftsgranskinger i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgransking der det inngår om lag 1000 bruk over heile landet. Grunnlagsmaterialet for denne granskninga er omfattande, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. I tillegg har det vore stor etterspurnad etter lokale økonomiske data for Vestlandet samtidig som det er ei målsetjing for NILF å gjere dataene lettare tilgjengelege.

Notatet er basert på driftsgranskingsdata frå dei tre vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det deltek om lag 57 bruk frå kvart av fylka i granskninga. Dei økonomiske dataene i 10-årstrendane i kapittel tre, er deflaterte etter konsumprisindeksen, medan 5-årsoversiktane i tabellsamlinga inneheld nominelle kroner frå kvart av åra. Kontinuiteten blant deltakarane i statistikken er god, derfor vil trenane over 5–10 år gje ei god oversikt over den økonomiske utviklinga i jordbruket i landsdelen. I tillegg til driftsøkonomien er totaløkonomien på bruks godt dokumentert.

Notatet er utarbeida av Jon Sværen og Ane Margrethe Lyng ved distriktskontoret i Bergen.

Oslo, januar 2003

Leif Forsell



# Innhold

---

1	INNLEIING .....	1
2	ØKONOMIEN I SAUEHALDET PÅ VESTLANDET .....	3
2.1	Langsiktige utviklingstrekk med vekt på prisutvikling på sau-/lammekjøt, ull og tal årsverk i næringa .....	3
2.2	Økonomien i sauennæringa for året 2001 .....	5
2.3	Resultat for Vestlandet .....	8
3	TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING SISTE TIÅRET .....	11
3.1	Resultatmål i jordbruket .....	11
3.1.1	Driftsoverskot .....	11
3.1.2	Vederlag til arbeid og eigenkapital .....	15
3.1.3	Lønsevne per time .....	15
3.2	Totaløkonomien på vestlandsbruka .....	17
3.2.1	Nettoinntekt .....	17
3.2.2	Skogbruket .....	19
3.3	Soliditet .....	20
3.3.1	Eigenkapitalprosent .....	20
3.3.2	Gjeld .....	20
3.4	Nettoinvestering .....	21
3.5	Geitebruka på Vestlandet .....	22
4	UTVIKLINGSTREKK SISTE ÅRET .....	25
5	TABELLSAMLING 1997–2001 .....	29
	FORKLARING PÅ FAGUTTRYKKA I TABELLSAMLINGA .....	72

# Figuroversikt

Figur 2.1	Utviklinga i pris på sau-/lammekjøt på ull på Vestlandet .....	4
Figur 2.2	Tal årsverk i sauenæringa på Vestlandet .....	4
Figur 2.3	Tal vinterfôra sau i middel.....	5
Figur 2.4	Driftsoverskot i middel per vinterfôra sau .....	5
Figur 2.5	Tal vinterfôra sau i middel.....	6
Figur 2.6	Tal arbeidstimar per vinterfôra sau .....	6
Figur 2.7	Samla inntekt i middel til brukarfamilien på Vestlandet .....	7
Figur 2.8	Prosentvis fordeling av samla inntekt i middel til brukarfamilien på Vestlandet .....	7
Figur 2.9	Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien på landsbasis.....	8
Figur 2.10	Mengde slakta sau og lam per vinterfôra sau.....	8
Figur 2.11	Prisar på lam- og sauekjøt i kg per vinterfôra sau .....	9
Figur 2.12	Produksjonsinntekter og tilskot per vinterfôra sau .....	9
Figur 2.13	Kostnader per vinterfôra sau.....	10
Figur 3.1	Driftsoverskot for heile landet og Vestlandet .....	12
Figur 3.2	Driftsoverskot i middel per bruk for dei tre vestlandsfylka.....	13
Figur 3.3	Driftsoverskot i middel per bruk for ulike storleiksgrupper .....	14
Figur 3.4	Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet .....	14
Figur 3.5	Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk for dei ulike driftsformene.....	15
Figur 3.6	Lønsevne per time for dei ulike driftsformene .....	16
Figur 3.7	Lønsevne per time for ulike storleiksgrupper .....	16
Figur 3.8	Nettoinntekt i middel per bruk for fylka på Vestlandet .....	17
Figur 3.9	Nettoinntekt i middel per bruk for dei ulike driftsformene.....	18
Figur 3.10	Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien for driftsforma mjølk/svin .....	18
Figur 3.11	Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien for driftsforma sau .....	19
Figur 3.12	Driftsoverskot i skogbruket på Vestlandet.....	19
Figur 3.13	Eigenkapitalprosent for vestlandsfylka.....	20
Figur 3.14	Gjeld i middel per bruk for dei ulike driftsformene .....	21
Figur 3.15	Nettoinvesteringar for heile landet og Vestlandet .....	21
Figur 3.16	Nettoinvesteringar for dei ulike driftsformene .....	22
Figur 3.17	Driftsoverskot og nettoinntekt i geitenæringa.....	23
Figur 3.18	Faste og variable kostnader i geitenæringa .....	23

# Tabelloversikt

Tabell 4.1	Samla oversikt for 2001 .....	27
Tabell 4.2	Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk à 1860 timer i Vestlandsjordbruket i perioden 1975–2001 .....	27

# Tabellsamling

Tabell 1	Landstal, Vestlandet.....	30
Tabell 2	Fylkestal, Hordaland .....	33
Tabell 3	Fylkestal, Sogn og Fjordane .....	36
Tabell 4	Fylkestal, Møre og Romsdal .....	39
Tabell 5	Vestlandet, storleiksgruppe I (under 50 daa), alle driftsformer .....	42
Tabell 6	Vestlandet, storleiksgruppe II (50–100 daa), alle driftsformer .....	45
Tabell 7	Vestlandet, storleiksgruppe III (100–200 daa), alle driftsformer .....	48
Tabell 8	Vestlandet, storleiksgruppe IV (200-300 daa), alle driftsformer .....	51
Tabell 9	Vestlandet, driftsformer, mjølkeproduksjon .....	54
Tabell 10	Vestlandet, driftsformer, sauehald .....	57
Tabell 11	Vestlandet, driftsformer, geithald .....	60
Tabell 12	Vestlandet, driftsformer, mjølk og svin .....	63
Tabell 13	Vestlandet, driftsformer, mjølk og sau .....	66
Tabell 14	Vestlandet, driftsformer, frukt .....	69



# 1 Innleiing

---

Dette notatet tar for seg den økonomiske utviklinga i jordbruket på Vestlandet dei siste 10 åra, med hovudvekt på rekneskapsåret 2001.

Økonomien i sauehaldet er tema i kapittel to. Kapittel tre viser utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og totaløkonomien til brukarfamilien det siste tiåret. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar. Alle bakgrunnsdata er deflaterte etter konsumprisindeksen.

Fjerde kapittel er pressemeldinga for Vestlandet som omhandlar driftsresultatet i jordbruket for året 2001.

Kapittel fem i tabellsamlinga inneheld tal frå driftsgranskingane for Vestlandet for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for landsdelen, fylka, ulike storleiksgrupper og ulike produksjonar. Alle dei økonomiske dataene i denne boken er nominelle tal for åra og dermed ikkje inflasjonsjusterte.

Sist i notatet finn ein forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.



## 2 Økonomien i sauehaldet på Vestlandet

---

Det har vore lite økonomisk lukrativt å drive med sauehald dei siste åra. Det er også store variasjonar i inntening mellom dei enkelte sauebruka. I dette kapittelet vil vi søke å finne kva som skil dei sauebruka som gjer det best økonomisk i høve til dei som har svakare resultat.

Tala presenterte her er henta frå driftsgranskingane året 2001. Tala er henta frå landsdelen og omfattar fylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. I driftsgranskingane er det 18 sauebruk til saman frå desse fylka. Bruka er delt inn i tre grupper rangert etter driftsresultat per vinterfôra sau; låggruppe, middelgruppe og høggruppe. Vi vil sjå på kva som skil bruken i låggruppa frå dei i høggruppa. Det er viktig å merka seg at utvalet i gruppene er lite og større kostnader, investeringar og liknande på eitt bruk kan gje utslag på middeltal i gruppa.

### 2.1 Langsiktige utviklingstrekk med vekt på prisutvikling på sau-/lammekjøt, ull og talarsverk i næringa<sup>1</sup>


Det har vore store svingingar i prisen<sup>2</sup> både på sau/ lammekjøt og ull (figur 2.1). Prisen på sau/ lammekjøt var høgast i 1980 med kr 81 per kg i middel, 21 år seinare var prisen meir enn halvert til kr 37 per kilo i middel. Med andre ord må dagens saueprodusentar doble mengda slakt for å få same produksjonsinntekt som i 1980 (rekna i faste kr).

Prisen per kg ull var oppe i kr 67 kiloet i 1981 mens den i år 2001 var like over kr 32 i middel.

---

<sup>1</sup> Tala i grafane er deflaterte etter konsumprisindeksen til 2001 kroner.


<sup>2</sup> Prisane her er inklusiv distrikts- og grunntilskot.




Figur 2.1 Utviklinga i pris på sau-/lammekjøt og ull på Vestlandet

Eit årsverk er i år 2001 på 1860 timer. Tal årsverk for sauebruka auka frå 0,65 årsverk per bruk på siste del av 70-talet til 0,79 i år 2001 (figur 2.2). I same tidsrom har tal vinterfôra sauver auka frå 38 til 83 i middel (figur 2.3). Det har med andre ord vore ein monaleg effektivitetsauke i sauennæringa gjennom perioden. Leigd arbeid har hatt ein auke frå siste del av 80-tallet og utgjer i 2001 om lag 0,14 årsverk.

I løpet av perioden har det vore ein auke i tal årsverk på 36 % og 118 % auke i tal vinterfôra sau. Det kan sjå ut som at sauennæringa har tilpassa seg endringane i kjøtpriene ved å effektivisere og auke produksjonen.



Figur 2.2 Tal årsverk i sauennæringa på Vestlandet




Figur 2.3 Tal vinterfôra sau i middel


## 2.2 Økonomien i sauennæringa for året 2001

### 2.2.1 Driftsoverskot

Det er store skilnader i driftsoverskot mellom sauebruka på Vestlandet og for heile landet (figur 2.4). Tilsvarande skilnader er det også for låggruppene i høve til høggruppene. Driftsoverskot per vinterfôra sau har klar samanheng med tal vinterfôra sau når vi ser på tala for heile landet (figur 2.5). For Vestlandet er det ikke dette like tydeleg. Det må derfor vere andre variablar som forklarer skilnaden mellom låg- og høggruppa på Vestlandet.




Figur 2.4 Driftsoverskot i middel per vinterfôra sau



Figur 2.5 Tal vinterfôra sau i middel

## 2.2.2 Arbeidsforbruk

Tal arbeidstimar til saman (heile familien pluss leigd arbeid) for låggruppa er for Vestlandet ca 23 timer i middel per vinterfôra sau (figur 2.6). For høggruppa på Vestlandet er talet 22 timer<sup>3</sup>. Vi ser at differansen mellom Vestlandet og heile landet er på ca to og ein halv time per vinterfôra sau. Mykje av forklaringa ligg i at vestlandsbruk er mindre og meir tungdrivne enn bruk elles i landet (sjå dessutan fotnote 3). Det er ingen forskjell i bruk av avløyser i dei to gruppene.




Figur 2.6 Tal arbeidstimer per vinterfôra sau


<sup>3</sup> Noko av årsaka til høgt timetal i den beste gruppa er at timetalet på enkeltbruk i den gruppa er svært høge, mykje høgare enn kva norma for produksjonsmengda tilseier. Dette kan ha årsak i at bruket er tungt å drive.

## 2.2.3 Samla inntekt


Fordelinga av dei samla inntektene til dei brukarfamiliane som driv med sau på Vestlandet, viser at hovuddelen av inntektene vert henta ut som lønsinntekt, (figur 2.7 og figur 2.8). Driftsoverskotet utgjer i høggruppa, ein del av samla inntekt, mens tilsvarende tal for heile landet er 40 % (figur 2.9). For låggruppa er driftsoverskotet negativt.



Figur 2.7 Samla inntekt i middel til brukarfamilien på Vestlandet



Figur 2.8 Prosentvis fordeling av samla inntekt i middel til brukarfamilien på Vestlandet




Figur 2.9 Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien på landsbasis

## 2.3 Resultat for Vestlandet

### 2.3.1 Produksjon


Låggruppa har i middel 101 daa av samla jordbruksareal og høggruppa har 93 daa. Total avling for låggruppa er om lag 29 000 FEm i middel og for høggruppa 25 000 FEm. Det er låggruppa som både har mest areal og høgst avling.

Det er store skilnader i slaktevekt på lam avhengig av om bruka tilhører høg- eller låggruppa (figur 2.10). Dette kan vere fordi ein i høggruppa har fleire slakta lam per vinterfôra sau, eller at lamma i gjennomsnitt er tyngre. Ser vi på slakta sau per vinterfôra sau, er det i låggruppa det er levert mest saueslakt. Samanliknar ein sau og lam for begge gruppene, kan det sjå ut som om brukarane i låggruppa har noko høgare påsett av lamma enn kva dei i høggruppa har.



Figur 2.10 Mengde slakta sau og lam per vinterfôra sau

Det er som venta berre mindre skilnader i kjøtprisane<sup>4</sup> på låg- og høggruppene (figur 2.11). Det er om lag ei krone i differanse per kg sau- og lammekjøtt mellom låg- og høggruppene, og det er låggruppa som noko overraskande, har oppnådd høgast pris.




Figur 2.11 Prisar på lam- og saupekjøt i kg per vinterfôra sau

### 2.3.2 Produksjonsinntekter

Bruka i høggruppa har både høgare produksjonsinntekter og tilskot enn bruka i låggruppa (figur 2.12). Produksjonsinntektene er høgare fordi bruka i høggruppa leverer eit større kvantum til slakteria (sjå over).

Bruka i høggruppa mottar mykje meir av enkelte tilskotsordningar som til dømes tilskot til brattlende bruk. Dei har også noko meir utbetalt i generelle tilskot.




Figur 2.12 Produksjonsinntekter og tilskot per vinterfôra sau

<sup>4</sup> Prisane er eksklusiv distrikts- og grunntilskot.

### 2.3.3 Produksjonskostnader

Både dei faste og dei variable kostnadene er om lag kr 200 høgare per vinterfôra sau i låggruppa enn i høggruppa (figur 2.13). Går vi inn på enkeltbruk kan vi sjå at bruk i låggruppa har høge kostnader knytt til administrasjon, bil, diesel, fôr og andre forbruksartiklar i høve til bruk i høggruppa. Dei har også høgare avskrivingar noko som tyder på høgare investeringsnivå.



Figur 2.13 Kostnader per vinterfôra sau

### 2.3.4 Konklusjon

Lønsemda i sauehaldet er generelt lågt i heile landet. Vestlandsbruka ligg enda lågare enn resten av landet i driftsresultat. Årsaka til dette er mange små bruk med mindre produksjonsomfang, høgare arbeidsforbruk per vinterfôra sau og høgare kostnader. Ander årsaker er at dei fleste sauebøndene har sau som binæring ved sida av full jobb. Dei har derfor både evne og vilje til å investere i utstyr som gjer jobben meir effektivt trass i at dette ikkje er lønsam drift. Særleg gjeld dette dei små sauebruka der investert kapital ofte ikkje står i forhold til produksjonsomfanget.

Bruka i låggruppa har i snitt høgare kostnader og lågare produksjonsinntekter enn bruка i høggruppa. Det forklarer skilnaden i driftsoverskot. Kvifor bruка i låggruppa har fleire arbeidstimar per vinterfôra sau enn dei i høggruppa, kan være at bruка er meir tungdrivne og/ eller at dei byggjar opp produksjonen sin.

# 3 Trendar og økonomisk utvikling siste tiaret

---


Dette kapittelet syner ein del trendar og utviklingstrekk i jordbruket på Vestlandet frå og med 1992 til og med 2001. Materialet er gruppert etter region, fylke, storleik og driftsform. Nokre av gruppene er små. Utskifting av bruk og større investeringar på nokre bruk kan derfor gje store utslag på resultata. Alle resultata i dette kapittelet er omrekna til 2001-kroner etter konsumprisindeksen.

## 3.1 Resultatmal i jordbruket

Figurane i dette avsnittet viser utviklinga for følgjande resultatmål i jordbruket: Driftsoverskot per bruk, vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk og lønsevne per time.


### 3.1.1 Driftsoverskot

Driftsoverskot er produksjonsinntekter minus kostnader. Driftsoverskotet skal dekke løn til familien og vederlag til både eigen og lånt kapital. I år 2001 var det i middel ein nedgang i driftsoverskotet i høve til 2000 (figur 3.1). Ser vi på trendar for heile perioden, har det vore ein kraftig nedgang i driftsoverskotet første halvdelen av 90-tallet mens det flatar ut siste halvdel. Ser vi på Vestlandet i høve til heile landet, er tendensen ganske lik for begge gruppene.




Figur 3.1 Driftsoverskot for heile landet og Vestlandet

Ved å samanlikne dei tre vestlandsfylka kan vi sjå at driftsoverskotet i Møre og Romsdal er høgare enn i dei to andre fylka gjennom heile perioden (figur 3.2). Hovudårsaka er større bruk og større produksjonsomfang. I Møre og Romsdal finn ein dei største brukna på Vestlandet og ein større del av kombinasjonen mjølk/ gris. Denne kombinasjonen har vist seg å gi det beste økonomiske resultatet. Møre og Romsdal har i 2001 det beste driftsresultatet på åtte år. Hordaland og Sogn og Fjordane har derimot det lågaste driftsresultatet i heile perioden.




Figur 3.2 Driftsoverskot i middel per bruk for dei tre vestlandsfylka

Samanliknar vi driftsoverskot for fylka med driftsoverskot per bruk etter storleik (figur 3.3), kan vi finne noko av årsaka til skilnadene i fylka. Dei små brukna har naturleg nok eit lågare driftsoverskot enn dei større brukna. I 2001 hadde dei små brukna ein kraftig reduksjon i driftsoverskot i høve til år 2000. Dette heng saman med driftsformene på desse brukna som i hovudsak er frukt og/ eller sauebruk. Begge desse næringane har hatt ein nedgang i driftsresultata (figur 3.4). Små fruktavlingar og nedgang i lønsemada på sau (prisen per kg saukjøt gikk ned med om lag to krone frå 2000 til 2001 samtidig som næringa fekk ein kostnadsauke) er hovudårsaka til det låge resultatet.



Figur 3.3 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike storleiksgrupper

Driftsforma mjølk/ gris har hatt ein formidabel auke i driftsoverskotet siste året og vi må heilt tilbake til 1993 for å finne liknande resultat (figur 3.4). Det er grisen som står for det gode resultatet. Prisen på grisekjøt har siste året auka med kr 1,50 per kg samtidig som det har vore ein generell produksjonsauke i grisenæringa. Tal griser (slaktegris, purker og rånar) har auka med 11,4 % siste år medan tal kyr på desse bruka er blitt tilsvarende redusert.




Figur 3.4 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet

### 3.1.2 Vederlag til arbeid og eigenkapital

Vederlaget viser kor mykje som er att til å dekke alt arbeid på bruket (også leigd hjelp) og forrenting av eigenkapitalen.

Driftsforma mjølk har hatt eit stabilt vederlag på om lag kr 150 000 dei siste sju åra (figur 3.5). Dei andre driftsformene har større variasjonar gjennom perioden og der mjølk/ svinebruken har hatt dei største.




Figur 3.5 Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk for dei ulike driftsformene


### 3.1.3 Lønsevne per time

Lønsevne per time er arbeidsfortenesta til familien pluss kostnader til leigd arbeid, og lønsevna syner kor mykje som er igjen til løn når innsett kapital har fått godtgjering.

Det er store variasjonar mellom ulike storleiksgrupper og ulike driftsformer. Figur 3.6 og figur 3.7 syner utviklinga over perioden. Lønsevna per time viser kor mykje bruket kan betale per time for innsett arbeidskraft.



Figur 3.6 Lønsevne per time for dei ulike driftsformene




Figur 3.7 Lønsevne per time for ulike storleiksgrupper

## 3.2 Totaløkonomien på vestlandsbruka

### 3.2.1 Nettoinntekt


Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien for bruken. Ho viser samla inntekt for brukarfamilien med frådrag av betalte renter og kår.

Nettoinntekta for bruken i dei tre fylka har vist ein jamm auke sida 1996. Sogn og Fjordane som hadde den høgaste nettoinntekta i 2000, har fått redusert denne med om lag 11 % i 2001 (figur 3.8). Dette har samanheng med at det har vore ein reduksjon i driftsoverskotet både i jordbruken, tilleggsnæringer og andre næringar for dette fylket.




Figur 3.8 Nettoinntekt i middel per bruk for fylka på Vestlandet

Ser vi på nettoinntekta fordelt på dei forskjellige driftsformene er denne stabil gjennom heile perioden for driftsformene mjølk og frukt (figur 3.9). Det er derimot store svingingar i mjølk/ svin, mens det er ein jamm auke i nettoinntekta for sauebruken. Den auka nettoinntekta for sauennæringa skuldast auke i lønsinntekt utanom bruken




Figur 3.9 Nettoinntekt i middel per bruk for dei ulike driftsformene

Det er få bondefamiliar i dag som hentar all inntekta si fra jordbruket. Særleg gjeld dette for sauennæringa. Ved å samanlike samla inntekt for driftsformene mjølk/ svin og sau kan vi sjå kor mykje av inntekta bondefamilien hentar frå jordbruket og kor stor del som er inntekt frå tilleggsnæring, løn med meir. For driftsforma mjølk/svin utgjer inntekta frå jordbruket om lag 60 % i år 2001 (figur 3.10), for sauebruka er tilsvarende tal under 10% (figur 3.11).




Figur 3.10 Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien for driftsforma mjølk/ svin



Figur 3.11 Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien for driftsforma sau

### 3.2.2 Skogbruket

Dei fleste gardsbruka i driftsgranskningane har skogareal knytt til bruket. Mesteparten av bruken driv lite aktivt skogbruk, og skogen utgjer berre ein liten del av totalinntekta. På ein del bruk betyr derimot inntekter frå skog og utmark mykje, særleg på Nordmøre. Det høge driftsoverskotet for 1992 og til dels 1993 skuldast avverking etter orkanen på Nord-Vestlandet 1. januar 1992. Driftsoverskotet frå skogen er elles jamt over lågt, men har halde seg stabilt dei siste åtte åra (figur 3.12).



Figur 3.12 Driftsoverskot i skogbruket på Vestlandet


## 3.3 Soliditet

### 3.3.1 Eigenkapitalprosent

Soliditet er eit uttrykk for evna til å tåle tap. Ein kan bruke nøkkeltal for å vise dette, mellom anna eigenkapitalprosenten. Det viser kor stor del av eigendelane som er finansiert med eigenkapital.

Det er vanleg oppfatning at eigenkapitalprosenten bør vere over 50. Høg eigenkapitalprosent gjev høve til å ta opp lån på gode vilkår. Inntening og rente på lånt kapital har mykje å seie for kor høg eigenkapitalprosenten treng vere. I materialet er alle egedelar til brukarfamilien med.


Møre og Romsdal har hatt ein jamm men bratt nedgang i eigenkapitalprosenten frå 1996, mens dei to andre fylka berre har hatt mindre endringar (figur 3.13). Alle tre fylka har redusert eigenkapitalprosenten frå 2000. I Sogn og Fjordane er reduksjonen høgast med 2,7 prosentpoeng, men alle ligg godt over grensa på 50 %.



Figur 3.13 Eigenkapitalprosent for vestlandsfylka

### 3.3.2 Gjeld


Samla gjeld per bruk for Hordaland og Sogn og Fjordane har halde seg stabilt gjennom heile 10 års perioden med ei gjeld på om lag kr 545 000 i middel. Tilsvarande tal for Møre og Romsdal er 740 000 kr. Ser vi på dei ulike driftsformene (figur 3.14) kan vi sjå ein markant nedgang i gjeld for mjølk/swinebruka frå år 1999, mens det er små eller ingen endringar for dei andre produksjonane.



Figur 3.14 Gjeld i middel per bruk for dei ulike driftsformene


### 3.4 Nettoinvestering

I 1998–99 hadde Vestlandet ein stor auke i investeringane. Dette har samanheng med nye forskrifter om dyrehald (Gruppa mjølk/svin hadde aleine gjennomsnittlege nettoinvesteringar i 1998/1999 på 323 000 kr). I 2001 var det store nettoinvesteringar på landsbasis, dei største på ti år (figur 3.15).



Figur 3.15 Nettoinvesteringar for heile landet og Vestlandet

Mellom ulike driftsformer er det store skilnader med omsyn til nettoinvesteringane i perioden (figur 3.16). Mjølkebruka har framleis negativ nettoinvestering trass i auke frå 2000 til 2001. Saue- og fruktbruka har også auka nettoinvesteringane.




Figur 3.16 Nettoinvesteringar for dei ulike driftsformene

### 3.5 Geitebruka på Vestlandet

Vi har i dag fem geitebruk på Vestlandet som er med i driftsstatistikken. Det har ikkje vore noko utskifting av desse geitebruka dei siste elleve åra. Eitt av bruka skifta eigar i år 2000, og det har gjeve utslag på nettoinvesteringar og nettoinntekt. Det økonomiske resultata frå desse bruka kan derfor gje oss ein god peikepinn på utviklinga i økonomien for geitebruk på Vestlandet. Alle tala er deflaterte etter konsumprisindeksen.

Geitenæringsa hadde det beste resultat tidleg på nittitalet (figur 3.17) i perioden. I 1992 var driftsoverskotet på heile kr 276 000 i middel. Botnnivået i perioden vart nådd i 1999 med kr 147 000 i driftsoverskot. Driftsoverskotet i 2001 er på om lag kr 200 000. Trenden i geitenæringsa tilsvrar trenden i dei andre produksjonane på Vestlandet; ein kraftig reduksjon i driftsoverskot første halvdel av 10 års perioden for så å flate ut.


Nettoinntekta er relativt stabil gjennom perioden. Den auka nettoinntekta for år 2000 skuldast auka lønsinntekta.



Figur 3.17 Driftsoverskot og nettoinntekt i geitenæringa

Ser vi på fôrkostnadene gjennom heile perioden, er desse lågast i år 2001 (figur 3.18). Frå høgaste nivå i 1991 og til 2001 er fôrkostnaden redusert med 30 %. Dette skuldast nedgang i kraftførprisane. Dei variable kostnadene følgjer stort sett svingingane i fôrkostnadene.

Dei faste kostnadene har vore stabile gjennom heile 10 års perioden, med ein topp i år 2000 på kr 230 000 i middel.



Figur 3.18 Faste og variable kostnader i geitenæringa

Ser vi på geitebruken under eitt har dei ei jann over stabil lønsemnd. Lønsemda er også god samanlikna med mjølkeproduksjon på ku, fruktdyrking og sauehald.



## 4 Utviklingstrekk siste aret

---

Hovudtendensar for 2001:

- \* Svært godt år for svinehaldet
- \* Svakt resultat for frukt og sauehald
- \* Uendra resultat for mjølkeproduksjonen

Timetalet per årsverk i jordbruket er redusert frå 1875 timer til 1860 timer frå 2000 til 2001. Alle resultatmål i tabellane er derfor omrekna til kr per årsverk à 1860 timer.

I materialet for jordbruksforhandlingane er vederlag til arbeid og eigenkapital eit sentralt resultatmål. Vi har difor valt å presentere dette også frå driftsgranskingane. Dette kjem fram ved å leggje til leigd arbeid til driftsoverskotet og trekke frå renteutgifter til lånt kapital i jordbruksdrifta og kår. Resultatet viser ein nedgang frå 134 900 til kr 133 900 (-0,7 %) frå 2000 til 2001. Det er då ikkje teke omsyn verknad av auka skattefrådrag.

Tala frå NILF viser at lønsemda varierer med bruksstorleik og driftsform. Av dei 172 bruka på Vestlandet som er med, har 10 bruk mindre enn 50 dekar innmark, 45 bruk har mellom 50 og 100 dekar innmark, 82 bruk har mellom 100 og 200 dekar og 24 bruk er mellom 200 og 300 dekar. Elleve bruk er større enn 300 dekar. Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk (1 860 timer) for dei minste bruka var kr 69 600, medan bruka mellom 200 og 300 dekar oppnådde kr 136 900 per årsverk. Ulik driftsform forklrar mykje av skilnaden i utvikling mellom gruppene.

Mjølkeproduksjon har i mange år utgjort basisen for landbruket på Vestlandet. Det er difor flest bruk i denne gruppa (84). Det er omlag uendra resultat for mjølkeprodusentane frå 2000 til 2001. Talet på årsskyr var i 2001 i middel 13,4, ein auke på 0,1 frå 2000. Mjølkebruket har i middel 162 dekar. Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk auka med kr 1 800 til kr 148 100. Dette er ein auke på 1,2 %. Årsaka til auken ligg i høgare priser på mjølk og storfekjøt samt ein liten produksjonsauke. Det var ein liten nedgang i sum produksjonstillegg for denne driftsforma.

Kombinasjonen mjølkeproduksjon/svinehald har tradisjonelt hatt best lønsemd. Siste året viser ein kraftig auke i driftsresultatet for denne gruppa. Dette er relativt store bruk

med 183 dekar innmark i middel. Driftsforma omfattar i alt 12 bruk med eit middels produksjonsomfang på 12,1 årskyr, 21 purker og 281 slaktegrisar. Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk var kr 160 200. Det er ein auke på 29 % frå 2000. Auken i prisen på svinekjøt med kr 1,50 per kg, auka smågrispris og stor auke i produksjonsomfang er årsakene til auken i driftsresultatet frå 2000 til 2001. Store investeringar i svinehaldet har auka produksjonsvolumet dei siste åra for denne gruppa.

Sauenhaldet (18 bruk) viser klart svakare resultat i 2001 samanlikna med 2000. Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk var i 2001 kr 47 200. Dette er ein nedgang på kr 29 100 frå året før. Inntekter frå sauekjøt og ull har gått ned medan det har vore ein stor kostnadsauke. Prisen på sauekjøt gjekk ned med 1,95 kr per kg i snitt frå 2000 til 2001.

Frukt/sauenhald (17 bruk) hadde eit svakare år enn i 2000. Små fruktavlingar kombinert med nedgang i lønsemada på sau gjev eit dårleg resultat for 2001. Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk gjekk ned med kr 30 800 til kr 101 100.

Driftsoverskotet per bruk var i 2001 i middel kr 169 600 mot kr 173 000 i 2000. Det er ein nedgang på 2 %. Driftsoverskotet skal gje vederlag til familien sitt arbeid i drifta samt eit rimeleg rentekrav for kapitalinnsatsen. For mjølkeproduksjon var driftsoverskotet per bruk kr 191 200, mot kr 190 300 i 2000. Driftsoverskotet per bruk auka med 42 % for kombinasjonen mjølk og svin. Det er stor nedgang for sauenhaldet også med omsyn til driftsoverskot per bruk. For 2001 er resultatet kr 28 700 i middel, ein nedgang på kr 25 900 frå 2000. Driftsoverskotet gjekk ned med kr 52 300 til kr 100 400 for bruk med frukt kombinert med sau.

Nettoinvesteringar er sum investeringar i jordbruket med frådrag av kapitalslit (avskrivningar), fråsal og eventuelle investeringstilskot. Det var positiv nettoinvestering samla for Vestlandet (kr 12 100 per bruk i snitt). Det var positiv nettoinvestering i alle dei tre vestlandsfylka. Ei positiv nettoinvestering vil seie at ein aukar verdien på produksjonsmidlane i løpet av året.

Driftsgranskningane viser at inntekter utanom den tradisjonelle jordbruksdrifta utgjer ein stor del av nettoinntekta. Inntekter utanom jordbruket utgjorde i 2001 59 % av samla inntekter til familien, det same som året før. Går vi litt tilbake i tid, utgjorde dette 35 % i 1990, 24 % i 1985 og 15 % i 1980. Ein del av desse inntektene er anna næring med basis i ressursane på bruket.

Nettoinntekta i middel per bruk viser ein nedgang på 1,6 % til kr 369 200. Nettoinntekta omfattar driftsoverskot frå jord- og skogbruk, andre næringar, løner, trygder og pensjonar, dessutan renteinntekter og verdi av eige arbeid på nyanlegg. Gjeldsrenter og kår er trekte frå. Nedgangen skriv seg frå nedgang i bidraget frå jordbruket og høgare rentekostnader.

Samla gjeld auka med kr 46 100 frå 2000, og utgjer i middel kr 696 300 for alle deltarbruka på Vestlandet. Samla innbetaling av gjeldsrenter auka med kr 5 000 til kr 41 600.

**Tabell 4.1 Samla oversikt for 2001**

	Tal bruk	Gj. areal dekar	Driftsoverskot per bruk		Vederlag til arbeid og	
			2000	2001	2000	2001
Vestlandet,	172	147	173 000	169 600	134 900	133 900
Hordaland	55	119	164 700	146 000	137 300	124 200
Sogn og	59	120	149 600	140 100	128 900	126 900
Møre og	57	171	204 800	222 000	136 900	147 100
Bruk < 50	10	39	107 200	53 500	108 500	69 600
« 50 - 100	45	76	127 300	100 900	123 900	102 600
« 100-200	82	145	191 000	190 400	140 400	146 800
« 200-300	24	237	216 500	214 200	136 500	136 900
Mjølkeprodu	84	161	190 300	191 200	146 300	148 100
Mjølk/sauha	26	176	192 200	179 700	125 000	126 000
Mjølk/svineh	12	182	238 500	339 000	124 100	160 200
Sauehald	18	104	54 600	28 700	76 300	47 200
Frukt m.sau	17	59	152 700	100 400	131 900	101 100

Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner.

**Tabell 4.2 Vederlag til arbeid og eigenkapital per arsverk a 1860 timer i Vestlandsjordbruket i perioden 1975–2001**

Ar	Tal bruk	Vederlag til arbeid og eigenkapital per arsverk		Konsumprisindeks
		Nominelle kr	2001-kr	
1975	174	32 000	128 900	26,8
1980	156	66 700	178 800	40,2
1985	167	95 300	165 900	61,9
1990	178	122 800	158 100	83,7
1997	174	123 700	136 300	97,8
1998	173	132 900	143 300	100,0
1999	171	125 200	132 000	102,3
2000	171	136 000	139 000	105,5
2001	172	133 900	133 900	108,7



## 5 Tabellsamling 1997–2001

---

1. Landsdeltal, Vestlandet
2. Fylkestal, Hordaland
3. Fylkestal, Sogn og Fjordane
4. Fylkestal, Møre og Romsdal
5. Vestlandet, storleiksgruppe I (under 50 daa), alle driftsformer
6. Vestlandet, storleiksgruppe II (50–100 daa), alle driftsformer
7. Vestlandet, storleiksgruppe III (100–200 daa), alle driftsformer
8. Vestlandet, storleiksgruppe IV (200–300 daa), alle driftsformer
9. Vestlandet, driftsformer, mjølkeproduksjon
10. Vestlandet, driftsformer, sauehald
11. Vestlandet, driftsformer, geitehald
12. Vestlandet, driftsformer, mjølk og svin
13. Vestlandet, driftsformer, mjølk og sau
14. Vestlandet, driftsformer, frukt

Tabellsamlinga inneholder tabellar med tal fra driftsgranskingane for åra 1997–2001. Det er presenterte tabellar for kvart fylke, storleiksgrupper og dei viktigaste driftsformene. Tabellane er nummererte fortlopende, og kvar tabell er delt inn i tre delar, a, b og c. Del a, produksjonstekniske data og oppnådde prisar, inneholder opplysningar om tal bruk som er med, arealopplysningar, opplysningar om produksjon og yting, arbeidsforbruk og oppnådde prisar. I del b, produksjonsinntekter og kostnader per bruk, finn ein produksjonsinntekter frå planteproduksjon, husdyrhald og produksjonstillegg og variable og faste kostnader. Den siste delen, c, resultat og balanse, viser ulike resultatmål og ei oversikt over balansen pr 31.12.

**Tabell 1a** Landsdelstal, Vestlandet  
Produksjonstekniske data og opnådde priser

Periode	1997	1998	1999	2000	2001
Tal bruk i gruppa	174	173	171	171	172
Alder på brukar	47	46	47	47	47
<b>Arealfordeling og avling pr dekar</b>					
Korn i alt, daa	1,7	1,7	2,0	1,7	2,5
Korn i alt, FEm pr daa	379	287	441	366	289
Grovfôr i alt, daa	117,0	120,8	124,3	130,0	139,9
Grovfôr i alt, FEm pr daa	392	395	387	379	370
Frukt og bær, daa	3,5	3,7	3,8	3,9	3,4
Jorbruksareal i alt, daa	123,3	127,6	131,1	136,9	147,1
Jorbruksareal i alt, FEm pr daa	388	390	386	376	366
Leigd areal, daa	32,7	33,3	36,7	38,4	43,5
<b>Husdyrproduksjon</b>					
Årskyr	8,2	8,6	8,8	8,9	9,1
Omsett mjølk, liter	46 098	47 025	47 679	48 840	49 666
Mjølkekvote	47 592	49 656	49 725	50 231	51 364
Mjølk, pr årsku, kg	6321	6237	6118	6156	6231
Storfekjøt, kg omsett	1913	1946	2051	2190	2027
Tal grisekull	2	2	3	3	3
Slaktegris, kg omsett	1026	813	1039	1120	1526
Vinterfora sauер	21	20	21	20	23
Kg kjøt pr vf sau	25	25	25	26	24
Ull, kg omsett	110	97	98	101	126
Mjølk pr årsgeit, kg	492	516	483	491	506
<b>Arbeidsforbruk, timer</b>					
Brukar	1 895	1 912	1 900	1 923	1 954
Ektefelle	391	393	336	350	312
Barn under 17 år	27	26	33	40	27
Sum familie	2 313	2 331	2 268	2 312	2 293
Leigd arbeid	608	622	664	649	638
Timar jordbruket	2 921	2 953	2 932	2 961	2 931
Timar skogbruket	68	66	67	65	69
Timar nyanlegg	56	49	51	42	45
<b>Oppnådde priser, kr pr kg / ltr</b>					
Bygg	1,80	1,87	1,71	1,58	1,48
Havre			1,67	1,63	
Kumjølk, liter	1)	3,49	3,65	3,25	3,16
Kukkjøt	2)	35,46	34,31	31,29	23,60
Anna storfekjøt		41,22	40,26	36,97	27,87
Smågris, kr pr stk		718	788	686	615
Svinekjøt, slaktegris	2)	21,02	22,29	20,14	18,87
Sau- og lammekjøt	2)	33,27	35,20	37,73	30,73
Ull		34,44	33,02	32,32	31,00
Geitemjølk, liter	3)	6,79	7,51	5,14	3,76
Egg		10,54	11,13	11,64	10,10

1) Inkl. distriktsstilskot og grunntilstskot tom år 1998

2) Inkl. distriktsstilskot og grunntilstskot tom år 1999

3) Inkl. driftstillegg, distriktsstilskot og grunntilstskot tom år 1998

Tabell 1b

**Landsdelstal, Vestlandet**  
**Produksjonsinntekter og -kostnader pr bruk**

<b>Periode</b>	<b>1997</b>	<b>1998</b>	<b>1999</b>	<b>2000</b>	<b>2001</b>
Korn	1 117	896	1 131	652	645
Frukt	12 548	16 480	19 470	23 746	16 248
Andre planteprodukt	6 476	5 724	5 298	4 280	8 212
<b>Planteprodukt</b>	<b>20 141</b>	<b>23 100</b>	<b>25 899</b>	<b>28 679</b>	<b>25 104</b>
Storfe, mjølk	201 285	212 785	211 443	154 126	168 846
Stofe, livdyr og slakt	89 893	83 548	72 230	67 390	66 934
Smågris	6 760	7 085	7 030	5 300	7 781
Slaktegris	21 275	18 559	19 360	22 360	31 884
Purker og rånar	2 175	4 977	5 328	3 169	4 550
Sau, livdyr og slakt	16 617	18 758	20 753	17 753	16 478
Ull	3 529	3 434	3 141	3 440	3 694
Geit, mjølk	6 844	7 891	7 994	4 034	4 221
Geit, livdyr og slakt	343	331	203	251	211
Fjørfe, egg	6 169	3 561	4 928	9 139	7 754
Fjørfe, livdyr og slakt	1 893	4 196	1 711	-1 452	1 312
Andre innt. husdyrhaldet	391	237	405	212	652
<b>Husdyrprodukt</b>	<b>357 174</b>	<b>365 362</b>	<b>354 525</b>	<b>285 723</b>	<b>314 317</b>
Areal- og kulturlandskaptillegg, grovfôr	52 563	59 301	49 221	48 487	48 710
Areal- og kulturlandskaptillegg, korn	837	698	528	738	716
Prod. tillegg, husdyr	41 005	43 589	48 213	54 503	54 002
Ref. avløysarutgifter	31 508	31 125	32 647	39 890	38 923
Drifts-, grunn og distr.tilskot 1)				84 905	80 817
Andre tilskot og trygder	9 483	11 569	17 056	19 372	16 111
Leigeinntekter traktor og reiskap	4 371	4 142	4 781	5 680	4 200
Traktor i skogen	2 506	2 351	2 087	2 027	2 450
Anna	3 197	449	2 627	3 791	453
<b>Produksjonsinntekter i alt</b>	<b>522 785</b>	<b>541 686</b>	<b>537 584</b>	<b>573 796</b>	<b>585 804</b>
Kraftfôr	100 169	102 607	104 024	102 726	109 228
Andre fôrkostnader	6 470	4 846	4 282	6 752	4 940
Såvarer	2 383	1 981	2 033	1 763	2 275
Handelsgjødsel og kalk	17 688	16 191	16 100	14 919	15 522
Konserveringsmidlar	4 178	4 332	4 502	4 667	4 522
Kjøp av dyr	13 182	10 439	11 148	10 650	12 700
Forbr.art. og diverse	22 356	22 371	24 188	27 313	28 533
<b>Variable kostnader</b>	<b>166 426</b>	<b>162 767</b>	<b>166 278</b>	<b>168 791</b>	<b>177 720</b>
Leidt arbeid	58 546	58 356	62 482	62 912	65 478
Drivstoff	5 896	5 623	5 734	7 748	7 802
Vedl. hald jord, vegar, grøft, vassanlegg	3 446	3 102	3 385	3 380	3 447
Vedl. hald driftsbygningar	14 306	14 198	12 935	14 649	14 890
Vedl. hald traktor og maskiner	23 902	25 773	23 694	24 520	25 136
Avskrivningar	59 660	59 061	63 025	67 163	66 787
Maskinleige	4 012	5 195	5 519	6 386	6 200
Andre kostnader	39 326	39 972	41 294	45 170	48 682
<b>Faste kostnader</b>	<b>209 094</b>	<b>211 280</b>	<b>218 068</b>	<b>231 927</b>	<b>238 423</b>
<b>Kostnader i alt</b>	<b>375 520</b>	<b>374 047</b>	<b>384 346</b>	<b>400 718</b>	<b>416 143</b>

1) Driftstilskot, grunntilskot og distrikttilskot er ikke inkludert i prisane fom år 2000.

Dette tillegget kjem derfor som eigen linje under husdyrprodukt.

Tabell 1c Landsdelstal, Vestlandet  
Resultat og balanse

Periode	1997	1998	1999	2000	2001
Driftsoverskot	147 265	167 639	153 238	173 077	169 660
- Renter av aktiva i jordbruket	52 494	59 242	66 545	69 808	71 118
Familiens arb. forteneste	94 771	108 397	86 693	103 270	98 542
Familiens arb. forteneste pr årsverk	76 210	86 494	71 097	83 081	79 934
Lønsevne i alt	153 316	166 753	149 175	166 182	164 020
Lønsevne pr. time	52,48	56,47	50,87	56,13	55,96
Vederlag til arb. og eigenkap. pr årsverk	122 670	131 852	124 319	134 978	133 969
<b>Rekneskapssamandrag</b>					
Driftsoverskot, jordbruk	147 265	167 639	153 238	173 077	169 660
Driftsoverskot, skogbruk	1 998	2 516	3 336	1 708	2 006
Driftsoverskot, tilleggsnæring	7 302	11 236	11 919	14 383	10 855
Driftsoverskot, anna næring	13 203	18 210	15 703	18 538	14 485
Lønsinntekt	135 244	132 489	148 699	160 566	168 154
Pensjonar	7 150	11 931	16 939	15 009	15 537
Sjukepengar	3 289	5 368	2 691	6 027	9 202
Aksjeutbyte	8 131	5 734	11 058	11 029	6 290
Arbeid nyanlegg	5 923	5 472	5 952	5 099	5 729
Renteinntekter	6 992	10 171	12 498	10 939	14 013
- Renteutgifter	22 380	28 569	35 337	36 632	41 642
- Kår	3 472	4 021	3 804	4 296	5 108
Nettoinntekt	310 645	338 176	342 891	375 447	369 179
Privatforbruk eks. skatt	237 968	249 454	257 632	274 538	283 729
Skatt	96 102	93 188	107 759	109 258	113 508
<b>Balanseoversikt (UB)</b>					
Kontantar og bankinnskot	233 981	233 078	242 787	244 186	239 115
Andre krav	64 948	75 463	75 105	73 125	72 587
Omløpsmidlar jordbruket	84 896	86 374	76 469	80 695	81 062
Omløpsmidlar skog og andre næringar	39 846	50 632	63 449	65 647	77 152
<b>Omløpsmidlar i alt</b>	<b>423 671</b>	<b>445 547</b>	<b>457 810</b>	<b>463 653</b>	<b>469 916</b>
Anleggsmidlar jordbruk	793 472	845 413	883 566	912 797	941 326
Anleggsmidlar skogbruk	29 260	29 724	30 140	33 639	32 655
Anleggsmidlar anna næring	60 293	61 110	57 507	52 160	57 322
Hovudbygning	346 112	367 276	391 111	402 939	412 423
Privat	71 832	73 510	82 407	79 181	87 660
<b>Anleggsmidlar i alt</b>	<b>1 300 969</b>	<b>1 377 033</b>	<b>1 444 730</b>	<b>1 480 716</b>	<b>1 531 386</b>
<b>Eigdedeler i jordbruket</b>	<b>878 368</b>	<b>931 787</b>	<b>960 036</b>	<b>993 492</b>	<b>1 022 387</b>
<b>Eigdedeler i alt</b>	<b>1 724 641</b>	<b>1 822 579</b>	<b>1 902 539</b>	<b>1 944 369</b>	<b>2 001 302</b>
Kortsiktig gjeld	145 421	161 207	168 550	166 368	173 908
Langsiktig gjeld	396 313	432 109	473 085	483 794	522 363
<b>Eigenkapital</b>	<b>1 182 907</b>	<b>1 229 263</b>	<b>1 260 905</b>	<b>1 294 207</b>	<b>1 305 031</b>

Tabell 2a Fylkestal, Hordaland  
Produksjonstekniske data og opnådde prisar

Periode	1997	1998	1999	2000	2001
Tal bruk i gruppa	57	56	58	57	55
Alder på brukar	47	47	48	48	47
<b>Arealfordeling og avling pr dekar</b>					
Korn i alt, daa			0,3	0,2	0,5
Korn i alt, FEm pr daa			354	186	350
Grovfôr i alt, daa	98,9	101,5	103,9	107,2	114,2
Grovfôr i alt, FEm pr daa	343	348	337	331	320
Frukt og bær, daa	9,2	9,5	10,3	10,7	9,4
Jorbruksareal i alt, daa	109,3	112,4	115,7	119,3	125,2
Jorbruksareal i alt, FEm pr daa	344	349	339	334	322
Leigd areal, daa	28,5	28,5	32,0	29,6	29,0
<b>Husdyrproduksjon</b>					
Årskyr	5,9	6,1	6,4	6,3	6,3
Omsett mjølk, liter	34 011	34 335	34 247	33 758	34 319
Mjølkekvote	35 396	36 913	36 093	34 828	36 820
Mjølk, pr årsuk, kg	6464	6274	6089	6152	6 289
Storfekjøt, kg omsett	1367	1384	1380	1431	1424
Tal grisekull	2	1	1	1	1
Slaktegris, kg omsett	953	663	799	823	1 110
Vinterfora sau	24	24	23	24	26
Kg kjøt pr vf sau	24	26	25	25	25
Ull, kg omsett	126	118	116	122	150
Mjølk pr årsgeit, kg	477	451	470	473	482
<b>Arbeidsforbruk, timer</b>					
Brukar	1921	1921	1829	1785	1 862
Ektefelle	413	392	315	364	322
Barn under 17 år	21	13	18	32	24
Sum familie	2355	2325	2162	2180	2 208
Leigd arbeid	569	628	625	688	588
Timar jordbruket	2924	2953	2787	2869	2 796
Timar skogbruket	59	73	78	81	86
Timar nyanlegg	54	46	52	33	26
<b>Oppnådde prisar, kr pr kg / ltr</b>					
Bygg			1,67	1,58	1,27
Havre					
Kumjølk, liter	<sup>1)</sup>	3,49	3,58	3,31	3,14
Kukkjøt	<sup>2)</sup>	35,59	34,32	31,18	23,84
Anna storfekjøt		41,31	40,19	36,86	28,16
Smågris, kr pr stk		722	777	621	588
Svinekjøt, slaktegris	<sup>2)</sup>	20,59	22,14	20,39	18,64
Sau- og lammekjøt	<sup>2)</sup>	33,85	35,44	38,05	30,43
Ull		34,55	32,92	31,56	31,22
Geitemjølk, liter	<sup>3)</sup>	6,79	7,31	5,26	3,52
Egg		10,68	11,23	11,61	10,04

1) Inkl. distriktsstiskot og grunntilskot tom år 1998

2) Inkl. distriktsstiskot og grunntilskot tom år 1999

3) Inkl. driftstillegg, distriktsstiskot og grunntilskot tom år 1998

Tabell 2b Fylkestal, Hordaland  
Produksjonsinntekter og -kostnader pr bruk

Periode	1997	1998	1999	2000	2 001
Korn			143	42	198
Frukt	35 074	40 995	43 713	57 493	36 884
Andre planteprodukt	4 204	3 077	3 063	2 284	4 153
<b>Planteprodukt</b>	<b>39 278</b>	<b>44 072</b>	<b>46 918</b>	<b>59 820</b>	<b>41 235</b>
Storfø, mjølk	153 558	157 955	158 888	105 881	117 733
Stofe, livdyr og slakt	60 503	61 492	48 927	44 498	44 478
Smågris	9 602	1 791	898	1 047	747
Slaktegris	18 106	16 053	15 001	15 489	23 951
Purker og rånar	1 956	1 487	751	18	1 345
Sau, livdyr og slakt	19 257	23 356	22 734	20 183	19 688
Ull	4 185	3 945	3 466	3 896	4 434
Geit, mjølk	4 408	4 509	4 485	2 125	2 199
Geit, livdyr og slakt	94	83	46	230	55
Fjørfe, egg	12 137	10 699	11 149	24 602	23 968
Fjørfe, livdyr og slakt	7 641	12 105	5 779	-4 825	4 591
Andre innt. husdyrhaldet	867	374	705	213	1 614
<b>Husdyrprodukt</b>	<b>292 314</b>	<b>293 849</b>	<b>272 827</b>	<b>213 358</b>	<b>244 804</b>
Areal- og kulturlandskaptillegg, grovfôr	45 686	50 821	40 520	39 781	39 792
Areal- og kulturlandskaptillegg, korn				124	121
Prod. tillegg, husdyr	35 757	37 460	40 850	45 202	44 157
Ref. avløysarutgifter	27 582	26 002	27 115	33 245	33 451
Drifts-, grunn og distr.tilskot 1)				64 355	62 297
Andre tilskot og trygder	22 615	27 395	31 163	38 062	27 797
Leigeinntekter traktor og reiskap	4 776	3 690	3 426	3 721	3 110
Traktor i skogen	2 552	2 093	1 956	2 232	2 470
Anna	36	848	7 540	11 345	1 396
<b>Produksjonsinntekter i alt</b>	<b>470 596</b>	<b>486 230</b>	<b>472 315</b>	<b>511 246</b>	<b>500 631</b>
Kraftfôr	85 357	81 819	78 591	81 743	84 544
Andre forkostnader	6 015	4 378	3 568	6 159	5 631
Såvarer	2 724	1 862	2 246	2 071	2 548
Handelsgjødsel og kalk	13 858	13 186	13 221	12 329	12 123
Konserveringsmidlar	3 063	3 399	3 492	3 499	3 569
Kjøp av dyr	14 544	13 289	10 837	8 964	17 663
Forbr.art. og diverse	21 419	19 924	22 191	25 889	24 783
<b>Variable kostnader</b>	<b>146 980</b>	<b>137 857</b>	<b>134 147</b>	<b>140 655</b>	<b>150 861</b>
Leidt arbeid	50939	53349	56246	62 244	58 994
Drivstoff	5306	4933	4991	6 298	6 032
Vedl. hald jord, vegar, grøft, vassanlegg	4123	2961	3984	3 929	3 406
Vedl. hald driftsbygningar	12474	13632	12049	12 839	13 269
Vedl. hald traktor og maskiner	21136	23065	21178	20 671	21 772
Avskrivingar	53602	51607	50790	53 726	52 416
Maskinleige	3215	4017	3194	3 922	3 786
Andre kostnader	35377	37012	37343	42 244	44 047
<b>Faste kostnader</b>	<b>186 172</b>	<b>190 576</b>	<b>189 776</b>	<b>205 872</b>	<b>203 725</b>
<b>Kostnader i alt</b>	<b>333 152</b>	<b>328 432</b>	<b>323 923</b>	<b>346 527</b>	<b>354 585</b>

1) driftstilskot, grunntilskot og distrikttilskot er ikke inkludert i prisene form år 2000.

Dette tillegget kjem derfor som eigen linje under husdyrprodukt.

Tabell 2c Fylkestal, Hordaland  
Resultat og balanse

Periode	1997	1998	1999	2000	2001
Driftsoverskot	137 443	157 798	148 393	164 719	146 046
- Renter av aktiva i jordbruket	45 819	49 298	53 252	55 698	57 626
Familiens arb. forteneste	91 624	108 500	95 141	109 021	88 420
Familiens arb. forteneste pr årsverk	72 365	86 800	81 851	93 018	74 484
Lønsevne i alt	142 563	161 849	151 387	171 265	147 414
Lønsevne pr. time	48,76	54,81	54,32	59,70	52,72
Vederlag til arb. og eigenkap. pr årsverk	112 739	125 236	127 073	137 420	124 250
<b>Rekneskapssamandrag</b>					
Driftsoverskot, jordbruk	137 443	157 798	148 393	164 719	146 046
Driftsoverskot, skogbruk	3 743	3 613	3 904	-540	-261
Driftsoverskot, tilleggsnæring	7 348	9 496	9 826	10 592	8 254
Driftsoverskot, anna næring	15 771	21 561	17 238	21 366	20 105
Lønsinntekt	112 437	109 551	125 469	145 973	159 962
Pensjonar	12 678	12 189	24 724	26 534	28 037
Sjukepengar	2 646	3 671	4 274	3 149	7 768
Aksjeutbyte	8 438	6 934	5 890	3 664	4 400
Arbeid nyanlegg	5 614	5 176	6 037	4 072	3 263
Renteinntekter	5 756	7 480	12 345	11 585	14 984
- Renteutgifter	20 146	22 488	27 422	27 888	32 715
- Kår	2 867	3 510	3 322	3 762	4 896
Nettoinntekt	288 860	311 470	327 355	359 465	354 947
Privatforbruk eks. skatt	233 561	234 916	247 900	270 567	272 148
Skatt	92 669	87 561	101 703	101 794	99 330
<b>Balanseoversikt (UB)</b>					
Kontantar og bankinnskot	205 129	209 836	274 288	269 781	278 200
Andre krav	69 294	85 027	77 255	76 165	57 888
Omløpsmidlar jordbruket	58 452	59 712	52 191	51 309	50 567
Omløpsmidlar skog og andre næringar	34 549	31 251	35 743	28 928	27 195
<b>Omløpsmidlar i alt</b>	<b>367 424</b>	<b>385 826</b>	<b>439 477</b>	<b>426 183</b>	<b>413 850</b>
Anleggsmidlar jordbruk	700 072	705 918	705 505	738 968	774 654
